



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116  
Kari Elster Moen, 5557 2370

Vår dato  
07.04.2014  
Dykkar dato  
10.03.2014

Vår referanse  
2014/3325 421.3  
Dykkar referanse  
13/3070

Kvinnherad kommune  
Rådhuset  
5470 Rosendal

### Uttale - Kvinnherad - Gnr 151 Bnr 1 og 2 - Sunde - Etablering av deponi og uttak av stein - Disp

Fylkesmannen viser til dykkar brev datert 10.3.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av deponi og uttak av stein.

Det er søkt om midlertidig dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for å ta ut stein ved velteplass og for å planere og fylle masser på eit beite for å gjere arealet betre eigna for jordbruksdrift. Slik vi forstår saka skal steinuttaket, når det er avslutta, nyttast til velteplass for tømmer frå skogen. Arealet på velteplassen vert 10 dekar. Det er opplyst at bruket er middels stort og at det ikkje er husdyr på garden.

For å kunne ta konkret stilling til dispensasjonssøknaden manglar vi nokre opplysningar. Etter det vi kan sjå på kartet, så går det ei elv eller ein bekk gjennom arealet for deponi/jordbruksareal. Tiltaket er ikkje vurdert i høve til elva/bekken. Det er òg registrert naturtypar i strandsona og i sjø sør for tiltaket. Det kjem ikkje fram om potensiell avrenning frå deponiet vil renne ut i strandsona. Fylkesmannen minner om at naturmangfald skal vera ein premiss i all myndigheitsutøving. Prinsippa som går fram av § 8-12 i naturmangfaldslova må bli vurdert og vektlagt. Vi stiller og spørsmål til om det er føremålstenleg å opparbeide eit areal det ikkje er trong for på bruket. Dersom det ikkje vert slått eller nytta til beite, vil det fort gro til med skog. Dersom ein ser at det etter nærare vurdering av omsynet til naturmangfald er tilrådeleg med utfylling av arealet, må ein sette vilkår om at arealet skal vere ferdig opparbeidd og tilsådd innan fristen for ferdigstilling.

Når det gjeld velteplassen kan vi ikkje sjå at det er synleggjort at det er naudsynt med ein så stor velteplass som omsøkt. Slike plassar kan fort bli lagringsplass for andre føremål. Vi rår kommunen til å sette vilkår knytt til dette.

Kommunen må elles vurdere om barn og unge har interesser i området. Til dømes kan det vere aktuelt med tidsavgrensing på transport av massar, om dette er ein skuleveg.

Ved å setje klare vilkår i vedtaket, vil det vera enklare for kommunen å følgje opp tiltaket. Det er søkt om midlertidig dispensasjon og det er difor viktig å setja vilkår om tidsavgrensing.

Fylkesmannen minner elles om at ein skal kontakte direktorat for mineralforvaltning i slike sakar.

Med helsing

Arve Meidell e.f.  
seksjonsleiar

Grete Kathrine Jacobsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*